

ABO Plan og Arkitektur
Postboks 291
5203 OS

Merk: Langeland B5

Saknr.: 16-005 **Kommune:** Meland **gbnr.:** Gnr. 24, bnr 7 og 90 **Gardsnamn:**

Varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland B5.

Dokumentliste:


Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2016/	Inn	17.02.2016	Merete Lunde	Varsel om oppstart av detaljregulering	HOK

NGIR mottatt varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid, og har følgende merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Meland kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 22. februar 2016



Henrik O. Kjøpstad
-kunderådgjevar -

Kopi: - Meland kommune